

**193 underskrifter mot eigedomsskatt**

07.03.2009



Kjell Ivar Bjørgen skal snart presentera underskriftene mot eigedomsskatten for ordføraren. (Foto: Kvinnheringen)

**Laurdag ettermiddag var det 193 som hadde skrive under på lista mot innføring av eigedomsskatt som har vore utlagt på SPAR i Uskedalen i nokre veker. Og det er ikkje færre enn ein femtedel av dei som bur i bygda!**

Underskriftskampanjen som vart starta av Kjell Ivar Bjørgen på Halsnøy har gått føre seg over heile kommunen - frå Hatlestrand til Halsnøy. Snart er det tid for overlevering av listene til ordførar Synnøve Solbakken.

Bjørgen har førebels ingen samla oversikt over kor mange som har skrive under, men seier seg nøgd med innsatsen til dei som har engasjert seg. Initiativtakaren meiner imidlertid at motstanden mot eigedomsskatten er større enn unerskriftene viser. Det seier han til Kvinnheringen.

På Halsnøy har dei vore åtte som har gått frå dør til dør med lister. I resten av kommunen har 14 engasjert seg i underskriftsinnsamling samtidig som det har lege lister i sju butikkar. Og ein av dei har altså vore SPAR i Uskedalen. Bjørgen håpar at tala som viser motstanden skal vera klare til veka.

Av Ola Matti Mathisen